

FØRESEGNER FOR UTBYGGING AV KOMMUNALE NÆRINGSOMRÅDE

(Vedtatt av kommunestyret 15.5.2017 i sak nummer 18/2017)

Punkt 1 Kva føresegnene gjeld

Føresegnene skal gje reglar for ulike forhold knytt til utbygging av kommunale næringsområde.

Punkt 2 Partar

Partar er Åseral kommune, seinare kalla kommunen og den einskilde verksemd som etablerer seg på området, seinare kalla verksemda.

Punkt 3 Utbygging

Kommunen eig området i dag. Kommunen ønskjer å selja eller leiga bort tomter til verksemdar som ønskjer å etablere seg på området.

Punkt 4 Pris

Tomtene på næringsområde skal fastleggast av kommunestyre i samband med budsjettarbeidet.

Verksemdar får alternativt tilbod om å leige område. Årleg festeavgift blir sett til 5 % av prisen for kjøp av arealet. Festar har rett til å kjøpe tomte når han ønskjer. Prisen er då den prisen som til ei kvar tid er fast sett av kommunestyret med fråtrekk av halvdel av tidlegare innbetalt leige.

I tillegg skal verksemdene betala kostnadene ved oppmålingsgebyr, kartforretning og tinglysing samt avgift for VA-tilkopling.

Verksemdene må dekke kostnader forbunde med avskjerming av, og orden på tomte jamfør punkt 10.

Punkt 5 Deling av kostnader

Kommunen dekker kostnadene til framføring av vei, vann og avløp, straum og fiber til tomtegrense.

Unnateke frå dette er verksemdar som har trong for særleg stor fiber eller elektrokapasitet. I slike tilfelle må det gjerast særskilt avtale om deling av kostnader.

Verksemda dekker sjølv alle kostnader innafor tomtegrense.

Punkt 6 Avgjerd om storleik på parsell

Storleiken på verksemda sin parsell blir avgjerd av kommunen.

Punkt 7 Avgjerd om tildeling

Kommunalutvalet tar avgjerd om sal eller utleige av tomt. Det skal ikkje vere automatikk i tildeling av tomter. Kommunalutvalet kan avslå førespurnader.

Punkt 8 Disponering av tomt, oppgjer og eventuelt seinare sal

Verksemder har ikkje høve til å starta bygging, eller plassera innretningar på tomta før kjøpesum eller leige er betalt.

Verksemder kan sela tomt med bygningar dersom dei ønskjer det. Kommunen har forkjøpsrett. Dersom kommunen ønskjer å nytta forkjøpsretten skal prisen for eigedomen fastsetjast ved takst. Frå takstprisen skal ein trekka tilskotet kommunen gav ved etableringa.

Takstnemnda skal bestå av 3 personar, 1 person oppnemnd av kvar av partane og 1 person oppnemnd av partane i fellesskap. Taksta på eigedomen skal reflektera marknadsprisen.

Punkt 9 Avgrensing av type verksemd

Det er ikkje høve til å driva med husdyrhald på industriområde.

Kommunen har høve til å ikkje selja eller leige bort tomt og til verksemder dersom ein fryktar at den planlagde produksjonen kan gje uheldige konsekvensar for andre verksemder på området eller for miljøet generelt.

Punkt 10 Avskjerming / orden på området

Verksemder pliktar å halde det ryddig på tomta.

Kommunen kan til ei kvar tid påleggje verksemder å utføre arbeid med sikte på å skjerme tomt mot innsyn. Kommunen kan sjølv utføre arbeidet for eigaren si rekning dersom denne sjølv ikkje utfører arbeidet innan ein, av kommunen fastsett frist.

Punkt 11 Handsaming av avfall

Det er ikkje lov til å deponera eller brenne avfall på industriområdet.

Punkt 12 Verksemda sine rettar og plikter

Verksemda plikter straks å rette seg etter kommunale påbod om avskjerming av tomta jamfør punkt 10.

Verksemda plikter å ta tilbørleg omsyn til andre verksemdar på området. Dette gjeld omsyn til all form for forureining og til generell orden.

Punkt 13 Kommunen sine rettar og plikter

Kommunen pliktar å halde fellesareal på området ryddig og presentabelt.

Kommunen si plikt til å syte for brøyting og strøing av felles vegar i området er den same som for andre kommunale vegar.

Punkt 14 Tvist

Dersom det oppstår tvist om forståinga av innhaldet i føresegnene og partane ikkje kan koma til semja skal tvisten avgjerast i medhald av lov om tvistemål.